



Tilsynsutvalet i Hordaland

Kinsarvik, 18.06.2018

Gunnbjørg Meling
Frøynesvegen 58
5781 LOFTHUS

Avsalg på søknad om landing med helikopter i Peisabotn.

Viser til din søknad datert 6. jun 2018 der du søker om løyve til 2 landingar med helikopter i Peisabotn i Hardangervidda nasjonalpark i tidsrommet 10.juli – 25. juli 2018. Du opplyser i søknaden at føremålet er transport av byggjematerialar, proviant og ved/brensel, tilsaman 300 kg.

Søknaden vart handsama av Tilsynsutvalet i Hordaland i møte 14.06.18, og fekk avslag fordi det allereie er skrive ut 2 landigar til same stad til Nils Frøyneser for garnfiske i same tidsrom, og de vert bedne om å freista samordna transporten.

Dette vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet (MD) av part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova §28. Klagefrist er 3 veker etter at ein er gjort kjent med vedtaket. Eventuell klage skal stilast til MD, men sendast til Tilsynsutvalet i Hordaland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik.

Med helsing
Tilsynsutvalet i Hordaland

Anne Gerd Nysveen
sekretær